

Frivillige tiltak i landbruket, Haugalandet

Årsmelding 2019/2020




Litt om bakgrunn

Prosjektet «Frivillige tiltak i landbruket- Haugalandet» starta september 2019. Dette er eit stort fellesprosjekt mellom kommunane på Haugalandet, Rogaland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Rogaland (tidligare Fylkesmannen) og Haugaland Vannområde. Frå start var Haugesund, Vindafjord, Karmøy og Bokn kommunar, saman med fylkeskommunen og Haugaland Vannområde med i prosjektet, og det blei tilsett ein prosjektleiar i 60 % stilling september 2019. Vindafjord er vertskommune og kontorstaden er i Sandeid. Frå og med 2020 blei Tysvær kommune med i prosjektet, som gjorde at også Statsforvaltaren i Rogaland bidrog med økonomisk stønad.

Frivillige tiltak i landbruket – Haugalandet, er eit vassmiljøprosjekt som skal gå over 3 år i perioden 2019-2021. Arbeidet er forankra i vassforskrifta som kom i 2007. Denne årsmeldinga gjelder frå september 2019, og ut 2020.

Organisering

Vindafjord kommune er vertskommune stillinga og har arbeidsgivaransvar. Prosjektleiar har kontorstad i Sandeid. Etter dei nye retningslinjene i samband med COVID-19 har prosjektleiar sidan mars 2020 i hovudsak hatt heimekontor. Avhengig av gjeldande smittesituasjon har det vore periodar med enkelt dagar på kontoret i Sandeid. Styringsgruppa består av representantar frå dei organisasjonane som har gått inn med økonomisk stønad, samt representantar frå næringsorganisasjonar (Rogaland Bondelag og Rogaland Bonde- og småbrukarlag) og Norsk landbruksrådgjeving Rogaland. Det holdast to møter i året.



Økonomi

Kostnadsfordelinga for perioden 2019-2021

Finansieringspart	2019	2020	2021
Haugesund	13.000,-	13.000,-	13.000,-
Tysvær		104.000,-	104.000,-
Karmøy	98.000,-	98.000,-	98.000,-
Vindafjord	150.000,-	150.000,-	150.000,-
Bokn	19.000,-	19.000,-	19.000,-
Haugaland vannområde	96.000,-	96.000,-	96.000,-
Rogaland fylkeskommune	160.000,-*	160.000,-*	160.000,-*
Statsforvaltaren i Rogaland		160.000,-	160.000,-

*Rogaland fylkeskommune betaler sin del av beløpet ved prosjektslutt. Sluttfakta vil derfor bli sendt når prosjektperioden er ferdig.

I 2019 mottok Vindafjord kommune totalt kr 376.000 frå finansieringspartane. Utgiftene var kr 134.061. Ved årsoppgjer vart det eit overskot på kr 241.939, desse blei sett av som ubrukte øyremerka midlar i fond. Her er ikkje fylkeskommunen sitt bidrag tatt med.

I 2020 mottok Vindafjord kommune totalt kr 600.000 frå finansieringspartane. Utgiftene var på kr 367.070. Ved årsoppgjeret vart eit overskot på kr 232.930 sett av som ubrukte øyremerka midlar i fond. Her er ikkje fylkeskommunen sitt bidrag tatt med. Det manglar også kr 40.000 frå Statsforvaltaren som blir utbetalt når ferdig rekneskap er innlevert, desse blir tatt med på rekneskapen for 2021.

Prosjektleiar starta i stillinga i september 2019, noko seinare enn planlagt når ein søkte om finansiering av prosjektet. Overskot og ubrukte midlar frå prosjektåra blir satt på fond, øyremerka til prosjektet. Indirekte kostnader Vindafjord kommune har som arbeidsgivar vil samla bli belasta prosjektet ved slutten av prosjektperioden, ved utgangen av 2021.

Midlane som er sett på fond i 2019 og 2020 er av dei kommunale midlane. Pr 31.12.2020 er det kr 474 869,- på fondet. Desse gjer det mogeleg å føre prosjektet vidare i ei eller anna form ut over 2021.

Aktivitetar i 2019/2020

Fagmøter med landbruksnæringa

Det var i oppstarten gjennomført fleire fagmøter i samarbeid med Norsk landbruksrådgjeving Rogaland hjå dei lokale bondelaga i Bokn, Karmøy, Tysvær og Skjold. Tema var bl.a. gjødsling og grovfôr. Her fekk me informert om prosjektet, samt at landbruksrådgjevinga haldt føredrag om gjødslingspraksis og dens påverknad på grovfôrproduksjonen.

I Vindafjord og Tysvær var tema spesielt retta mot Skjoldafjorden og Miljøavtalar gjennom Regionalt miljøtilskot (RMP). Det blei gjennomført eit felles møte med Skjold bondelag og Tysvær bondelag i Tysvær komme, der alle føretak i nedbørssfeltet var invitert. Me hadde innlegg frå Norsk landbruksrådgjeving Rogaland, Statsforvaltaren i Rogaland, Haugaland Vannområde og prosjektleiar for Aksjon Vatvassdraget. Det var bra oppmøte som gav interessante diskusjonar og gode drøftingar.




Møteverksemd

Styringsgruppa har møter to gonger i året, og har i denne perioden møttes tre gonger. Møte i styringsgruppa har blitt gjennomført både fysisk og digitalt. Prosjektleiar har delteke på relevante møter, kurs, seminar og konferansar.

Det blir sendt ut informasjon om aktuelle prosjekt og tiltak, til kommunane sine meldingsblad som blir sendt ut til søkerar av produksjonstilskot

Besøk

Prosjektleiar og vannkoordinator i Haugaland Vannområde besøkte prosjektkommunar for å bli kjent med deira utfordringar i den første perioden av prosjektet. I kvar kommune møtte representantar frå landbruk og/eller miljø. Kommunane viste fram dei områda dei ønska å ha fokus på i første omgang. Etter dette vart det laga ein oversikt over prioriteringar i kommunane. Bokn kommune var den einaste kommunen som ikkje vart besøkt, men Karmøy kommune har ansvaret for landbruksforvaltinga i kommunen og Bokn blei på den måten dekka likevel. På grunn av smitteverntiltaka i samband med COVID-19, blei planlagde gardsbesøk våren og sommaren 2020 noko problematisk, der dei fleste avtalene vart avlyst eller utsett.



Oppdrag Skjoldafjorden, Miljøavtalar

Det første prosjektet ein hadde hovudfokus på, var Skjoldafjorden og arbeidet med å få i gong Miljøavtalar hjå landbruksføretak i nedbørsfelet til Skjoldafjorden i Tysvær og Vindafjord kommunar. Det blei gjennomført eit fellesmøte med Tysvær og Skjold Bondelag i februar 2020. Her hadde me fleire gode og faglege innlegg frå Norsk landbruksrådgjeving Rogaland, Statsforvaltaren i Rogaland, Haugaland Vannområde og prosjektleiar for Aksjon Vatsvassdraget. Det var eit godt oppmøte, med mange gode diskusjonar. Det blei i tillegg informert om prosjektet på eit julemøte i Skjold Bondelag, og ein ringte til aktuelle føretak for å informere om ordninga. Me fekk god mediedekning med både innslag på TV-Haugaland og i Grannar. Som mykje anna blei progresjonen av prosjektet litt stoppa pga Covid-19 og dei smittevernomsyna ein tok i samband med det. Det blei ikkje gjennomført den grad av gardsbesøk som var planlagt og ønskjeleg, men ein satt inn ein ekstra innsats i å ringe rundt til aktuelle føretak i nedslagsfeltet til fjorden i løpet av våren. Det blei beslutta at ein utsetter kravet om å ta gjødselprøve til 2021, grunna logistikkutfordingar med COVID-19. Det endelege talet for Miljøavtalar blei 16stk. Det gir om lag 10 % av potensielle føretak.

Kommune	Miljøavtaler
Vindafjord	9 stk
Tysvær	7 stk
Totalt	16 stk

Fleire nemnte kravet om ugjødsla randsone som hovudårsaken til skepsis mot å inngå avtale. Dei er redd for at for mykje areal «utgår» når den dyrka marka er omringa av vassdrag, og at grovförtapet vil vere for stort. Samstundes kunne fleire opplyse i samtaler at dei dreiv tett opp mot krava i dag, utan at dei blei med i avtalen. Fåtal hadde problem med spreiefristen 10 august. Kvifor ein då vel å ikkje bli med i avtalen er vanskeleg å seie. Har me ikkje fått ut nok info, opplever ein papirarbeidet som overveldande, er det nokon «urimelige» krav? Reglane knytt til smittevern gjorde at det var

vanskeleg å besøke gardsbruka på vårparten 2020, og alle samtaler måtte gjerast på telefon og info via e-post. Drøsen over kaffikoppen mangla dette året, og kan gjerne vere ein årsak. Det er framleis mogleg å inngå Miljøavtale i 2021, og me håper me får med oss fleire.

Kantvegetasjon Karmøy

På Karmøy har det blitt etablert kantvegetasjon langs tre forskjellige bekker, Stangelandsåna, Brekkebekken og Hilleslandsbekken, hausten 2020.

Langs Hilleslandsbekken vart det planta om lag 200 meter av grunneigar langs ei dyrka mark. Tiltaket var eit privat initiativ som fekk økonomisk stønad frå Sjøaureprosjektet til Haugaland Vannområde, og SMIL-midler frå Karmøy kommune. Prosjektleiar bisto grunneigar med bl.a. søknadar om tilskot og utlån av utstyr, men grunneigar gjennomførte plantinga sjølv.

Strekka langs Stangelandsåna og Brekkebekken var fordelt på kommunal eigedom og privatområde, og det blei planta kantvegetasjon på om lag 1 km. Der det var beitedyr vart det satt opp gjerde for å hindre at plantene blir øydelagd av beiteskader.



Planting av kantvegetasjon var i samarbeid med Vannkoordinator i Haugaland Vannområde og miljøvernrådgjevar i Karmøy kommune. Det blei oppretta kontakt med VG3 elever ved Tveit vidaregåande skule i forkant av plantinga. Det var ønskjeleg å involvere desse i arbeidet, for å spreie informasjon om viktigheten av kantvegetasjon. Det var tenkt at elevane kunne bli med på planting, men på grunn av tidspress blei det bestemt at det var vanskeleg å gjennomføre denne gongen. Det var kjekt at dei likevel ville komme ut og sjå på noko av arbeidet me hadde gjennomført ved Liarlund.

Årvikelva

Prosjektleiar vart kontakta av grunneigarane langs nedre del av Årvikelva i Tysvær kommune. Dei hadde problem med at elva graver ut elvekanten langs enkelte strekk, som fører til tap av landbruksjord. Dei etterspurde kva moglegheiter dei hadde langs elva, då dei ønska tiltak som kunne gi positiv effekt for landbruksdrifta, men òg betre levevilkåra for elvemuslingen og fisken i Årvikelva. Saman med landbrukskontoret i Tysvær var ein på synfaring hjå grunneigar for å sjå kva utfordringar og moglegheiter som var. Dette starta arbeidet med eit prosjekt der ein ønskjer å forsterke elvekanten langs dei mest utsette stadene, samt gjerde inn og plante kantvegetasjon der det i dag er glissent, eller manglande kantvegetasjon. Ved å gjerde inn, vil ein kunne redusere beitedyra sin tilgang til elva. Det skal i mai 2021 setjast ut om lag 15 000 elvemuslingar i elva, og det er difor ønskjeleg å få ferdigstilt arbeidet i forkant av dette. Prosjektleiar har bistått grunneigar i arbeidet

med å søkje løyve og tilskot. Det er søkt om tilskot frå Miljødirektoratet og det er søkt om løyve frå Statsforvaltaren om tiltak i vassdrag. Det skal òg søkjast om SMIL midler til tiltaket.

Det har blitt oppretta kontakt med dei andre grunneigarane langs Årvikelva og informert om moglegheitene for tilskot til u gjødsla randsone i RMP. Dei fleste var positive til tiltaket og ønskja å gjennomføre u gjødsla randsone i 2021. Dette følgjes opp våren 2021. Ein grunneigar har òg byrja med stripespreiing.



Hydroteknisk anlegg, Grinde

I samband med ei nydyrkning av eit hogstfelt i Grinde ved Skjoldafjorden i Tysvær blei det utarbeida eit prosjekt med reinsegrøfter i nydyrkingsarealet. Det er eit stort nydyrkingsområde på 50 dekar, med helling ned mot Skjoldafjorden. For å kunne redusere avrenninga og tap av næringsstoffer, skal det lagast reinsegrøfter i nydyrkingsfeltet, slik at ein kan samle opp vatn før det renn ut i fjorden. Ein vil med dette bremse farten på vatnet, og ein vil kunne samle opp sedimenter før det renn vidare ned i Skjoldafjorden. Det blei gitt tilskot til prosjektet gjennom SMIL. Arbeidet skal ferdigstilla i 2021.

Frivillige tiltak i landbruket, Jæren.

Prosjektleiar og vasskoordinator i Haugaland vannområde var vinteren 2020 på Jæren for å bli kjent med prosjektleiarane i Frivillige tiltak i landbruket – Jæren. Det er nyttig med erfaringsutveksling og bli kjent med kollega i andre deler av fylket. Det var eit godt møte, og ein blei einige om å invitere til besøk på Haugalandet. Det var planlagt eit besøk både våren 2020, og hausten 2020, men som så mykje anna, blei dette vanskeleg å gjennomføre pga. retningslinjene som blir gitt ifht COVID-19. Me håper at me kan få invitere til besøk i løpet av våren 2021.

Vegen vidare 2021

2021 er i utgangspunktet prosjektet siste arbeidsår. Det er framleis mange prosjekt som er i gong, og ein håpar å få slutført desse. Som økonomioversikten visar, er det ein del ubrukne midlar i prosjektet. Ein må difor gjere ei vurdering om det er rom for å forlenge prosjektet utover den opphavelege perioden fram til 31.12.2021, og kva form prosjektet i så fall skal ha vidare.

I Vindafjord har det i blitt kartlagt fleire elver, som ein ønskjer å bruke som utgangspunkt vidare i arbeidet i Frivillige tiltak. Landbruket i Haugesund og Bokn består av mykje små teigar spreitt på større områder og som er fordelt mellom få landbruksføretak. Gjennomføring av stripespreiing og u gjødsla randsone er difor meir utfordrande. I 2021 bør det rettast fokus på kva andre tiltak som kan vere aktuelt her. Ein håpar at planting av kantvegetasjon på Karmøy og Tysvær kan gi ringverknadar til andre kommunar, og ein har allereie sett seg ut nokre vassdrag som kan vere aktuelt.

